

Sosialpolitikken til sos

Oddny Miljeteig er uroa over ny Nav-rettleiar: - Brått har Nav vorte ein del av norsk innvandringspolitikk, skriv spaltisten i dag.



PÅ ONSDAG

ODDNY MILJETEIG er gruppeleiar for SV i bystyret og fast spaltist i BA.

Innvandringspolitikk er innvandringspolitikk. Den skal handhevast av politi og utlendingestyresmakter. I rettsstaten Noreg er det slik det er. Då dåverande asylminister Erna Solberg i Bondevik II-regjeringa ville at asylsøkjjarar med avslag på søknad om opphald korkje skulle få hjelp til mat eller overnatting, då reagerte sjølv Frp-sosialbyråden i Oslo og slo fast at ingen skulle svelta i hel på gata i Oslo. Det same gjorde sosialbyråd Trude Drevland for Bergen. At regjeringa så endra forskrifta/forståinga av sosialtenestelova frå at ingen skulle svelta til at ingen skulle svelta eller frysa i hel, var eit brutalt gufs frå 1800-talet og ikkje 2004 verdig. I alle fall tok dei lokale sosialbyrådene eit humanistisk ansvar for forkomne menneske i sine kommunar.

I vår tid har sosialpolitikken sytt for eit minstemål av eit sosialt tryggleiksnett for dei som ingenting har. Sosialarbeidarar har skulla vore nett det og ikkje eit sekundært innvandringspoliti. No ropar Robin Hood-huset i vår by varsku om at ein ny rettleiar/«veileder» for Navkontoret skal vurderer lovleg opphald for EØS-borgarar. I ytste konsekvens, skreiv Ingrid Husevåg Døskeland nyleg i ein kronikk i Klassekampen, kan ein praksis tufta på denne rettleiaren undergrava sentrale mål i føremålsparagrafen til sosialtenestelova. Døskeland viser til å «bidra til sosial og økonomisk trygghet» og særleg å «bidra til at utsatte barn og unge og deres familier får et helhetlig og samordnet tjenestetilbud» (paragraf 1 i Sosialtenestelova). Det vert lagt opp til ein praksis som kan føra til ei utvikling av A-, B- og C-lag i arbeids- og samfunnsniv.

Rettleiaren er nasjonal. Før

rettleiaren har søkjjarar frå EØS-land måtta dokumentera lovleg opphald overfor Nav. Rettleiaren seier at Nav skal gjera ei sjølvstendig vurdering av personen sitt opphaldsgrunnlag. Brått har Nav, etter forskrift til sosialtenestelova, vorte ein del av norsk innvandringspolitikk. Det er særst alvorleg. Sosialpolitikken og det sosialfaglege arbeidet knytt til denne skal stå på egne bein og ikkje verta eit «underbruk» av innvandringslovgjevinga. I verste fall snur denne rettleiaren norsk sosialpolitikk på hovudet.

«Lovleg opphald» i Noreg er eit inngangsvilkår i eit mangfaldig regelverk som regulerer velferdsyttingar og velferdstenester, skriv rådgjevar Døskeland i Klassekampen-kronikken. Nav har ikkje særskild kompetanse til å skulla vurderer vilkåra for opphald etter utlendingelova sitt regelverk for EØS-borgarar. «Av egen erfaring, som rådgiver for EØS-migranter, kan jeg si at dette ikke alltid er ren rett frem vurdering, særlig der personer faller utenfor de vanlige boksene.»

Definisjonane på sistesida i rettleiaren gir ytterlegare grunn til uro. Her vert det sagt at mellombelse tilsetjingar ikkje skal takast med i utrekninga av om ein EØS-borgar har hatt løna arbeid i Noreg i meir eller mindre enn eitt år. Dette er viktig avdi ein EØS-borgar som har arbeidd i eitt år i Noreg framleis vil definerast som «arbeidstakar» etter lova. Dermed vil EØS-borgaren bevare opphaldsgrunnlaget sitt dersom



SOSIALTENESTER: Nav publiserte i februar ein rettleiar for Nav-kontor ved vurdering av lovleg opphald for EØS-borgarar

han/ho er ufrivillig utan arbeid og har meldt seg som arbeids-søklar hos Nav. Har ein ikkje hatt meir enn eitt års arbeid, er ein einast «arbeidstakar» seks månader fram i tid (Utlendingelova paragraf 112). Regelen fylgjer av ein instruks frå Arbeids- og sosialdepartementet som seier at arbeidsforhold som «bygger på midlertidige tilsettinger» ikkje kan inngå i utrekninga av arbeidsperiode.

Forskjellsbehandlinga mellom mellombels og fast tilsette framstår som vilkårleg - og med lite grunnlag i utlendingelova eller EØS-regelverket som ligg bak. Det er sjølvstendig dramatisk for den enskilde som vert råka av ulikebehandlinga. Men på samfunnsnivå vil innskjerpinga vera kritisk. Regelen som skil mellom fast og mellombels arbeid legg opp til to typar borgarskap. Arbeids-

innvandrarar med mellombelse stillingar er etter dette ikkje fullverdige samfunnsmedlemmer! Har dette heile tida vore eit mål med regjeringa sine endringar i arbeidsmiljølova til auka bruk av mellombelse stillingar?

Innvandringskontroll utanom utlendingelova. Smak på den. Utlendingestyresmaktene vil på eine sida definera opphald etter utlendingelovgjevinga - og

STATSMINISTEREN



PIDDEN

Milliardærer vil bygge byarena på Bygarasjen.

– Får håpe at det forslaget ikkje blir parkert...



Sosial dumping?



ar. - I verste fall snur denne rettleiaren norsk sosialpolitikk på hovudet, skriv BA-spaltist Oddny Miljeteig i dag.

ILLUSTRASJONSFOTO: BA-ARKIV

ikkje etter kva type arbeidskontrakt ein har. Men Nav vil ikkje yta tenester eller økonomisk og sosial stønad - viss ein ikkje har rett type arbeidskontrakt. Med det risikerer vi, altså Noreg, at endå fleire born veks opp i fattigdom med foreldre som er avhengige av til dels svært lugubre arbeidsgjevarar i grå og svart sektor.

■ Dermed har regjeringa skapt

både eit B-lag og eit C-lag av EØS-arbeidstakarar attåt A-laget med norsk statsborgarskap. No kan også A-laget verta utsette for sosial dumping, men det seier seg sjølv at B-laget og især C-laget er særskilt utsette for dette.

■ Dette er ikkje tilfeldig politikk. Med utvida høve til mellomlags tilsetjing, koplå saman med at Nav skal vurdere opphald knytt opp til nett mellom-

bels tilsetjing, har regjeringa skapt eit utvida rom for sosial dumping og fattigdom i Noreg. Dette er også eit alvorleg åtak på den norske modellen og velferdsstaten. Med ikkje uventa helsing regjeringa Solberg.

■ Eg håpar fagrørsla og den breie politiske venstresida går til kamp mot regjeringa og for den norske modellen som høgresida aldri har vore på lag med.

- Barnehagenormen må settes ut i livet for alle barn

INNLEGG

Tone Digranes

Nestleder, Utdanningsforbundet Bergen

Odd Arild Viste

Leder i medlemsråd barnehage, Utdanningsforbundet Bergen



NYE KRAV: Den nye bemanningsnormen i barnehagene gjelder fra august i år. FOTO: NTB SCANPIX

■ I slutten av mai vedtok Stortinget endelig en ny bemanningsnorm for barnehagene, med krav om maksimalt en ansatt per henholdsvis tre små og seks store barn. Normen gjelder fra august 2018, men eierne får muligheten til å bruke det kommende året på å innrette seg etter kravet, slik at 1. august 2019 blir den endelige fristen.

■ Det er gledelig å registrere at det på tross av denne muligheten, er flere barnehageeiere som sier at de vil innrette seg etter normen fra august i år. Bergen kommune varslet om en slik ambisjon i et brev til de kommunale barnehagene i mai, og på Barnehage.no kunne vi nylig lese at Kanvas vil innføre normen i sine barnehager i løpet av 4. kvartal i år.

■ At denne normen skulle komme nå har vært signalisert siden oktober i fjor, da forslaget ble sendt ut på høring. Dermed har eiere hatt god tid til å planlegge for at normen skal gjelde fra i år. Vi i Utdanningsforbundet Bergen er nå spente på hva som skjer fra denne høsten, og spesielt når det gjelder de kommersielle kjedebarnnehagene. En ny rapport fra Telemarkforskning viste at det er disse barnehagene som i gjennomsnitt har hatt den dårligste bemanningen. Dette er noe vi kjenner igjen fra forholdene i Bergen. Aktører som Læringsverkstedet, Kidsa, og Gnist har ligget godt over gjennomsnittet for kommunen og for andre private, og langt over det som nå er vedtatt som ny norm. Rapporten viser også at kjedene har større overskudd enn andre barnehager.

■ For oss er ikke funnene i

rapporten særlig overraskende. Når alle barnehager får de samme tilskuddene som de kommunale, har flere barn per ansatt vært en effektiv måte å generere overskudd på.

■ Spørsmålet nå er om de kommersielle kjedene vil benytte anledningen som har åpnet seg til å klemme maksimalt ut av den økonomiske sitronen, eller om de vil følge etter de som ønsker å være så tidlig ute som mulig. Dette mener vi foreldre bør være særlig oppmerksomme på i tiden fremover, og vi vil oppfordre alle til å etterspørre hvorvidt normen vil bli fulgt fra kommende høst i sine barns barnehager. Vi kan

Når alle barnehager får de samme tilskuddene som de kommunale, har flere barn per ansatt vært en effektiv måte å generere overskudd på.

ikke se noen økonomiske grunner til at for eksempel Læringsverkstedet ikke skal kunne følge Kanvas sitt eksempel når det gjelde bemanningen.

■ Når kommunen og Kanten sine barnehager får en bedre bemanning i høst, vil det bety en klar forbedring i tilgangen på ansatte for barna i disse barnehagene. Ett år i et barns liv er lang tid, og god bemanning er en helt sentral faktor for barns trivsel og utvikling. Dette er både fagfolk, «foreldreopprøret» og politikerne enige om. Og derfor er denne nye normen så viktig at den bør bli satt ut i livet for alle barn denne høsten.

■ De kommersielle kjedene påstår stadig at kvalitet er det viktigste for dem. Nå har de sjansen til å bevise det.

DAGENS SITAT

Jeg synes selvsagt det er hyggelig å bli nevnt. Jeg ble nevnt forrige gang også, men da var det den andre trønderen som ble valgt.

INGVILD KJERKOL (ÅP) NEVNES AV FLERE SOM EN KLAR NESTLEDERKANDIDAT I ARBEIDERPARTIET. PÅ ÅP-LANDSMØTET VÅREN 2015 BLE TROND GISKE OG HADIA TAJIK VALGT SOM NESTLEDERE (NRK)



BLI MED I DEBATTEN

- Send innlegg til debatt@ba.no. Håndskrevne innlegg sendes til BA-debatt, postboks 824 Sentrum, 5807 Bergen.
- Lengde: 2000 tegn for innlegg, 4500 tegn for hovedinnlegg.
- Innlegg underskrevet med fullt navn blir prioritert. Det kreves også fullt navn for å få publisert kritikk mot navngitte personer. Navn og adresse må følge alle innlegg, også når navnet ikke skal i avisen.
- Innlegg kan bli brukt på ba.no.
- Innlegg blir redigert etter god presseskikk, og kan bli kuttet hvis de er for lange.



Tommy Duesund, debattansvarlig